

# Miljøpartiet dei Grøne Stord


## Valprogram 2023 - 2027

### Berekraft

Berekraft er grunnsteinen i politikken vår. For at me skal sikra gode levekår i dag og for framtida må me tenka heilskapleg og langsiktig. Me må nytta ressursane me har på ein slik måte at samfunnet blir betre å leva i, og borna våre får arva jorda i ei tilstand som gjer at dei kan leva gode liv. Deler av samfunnet i dag driv rovdrift på både natur og folk, og Miljøpartiet dei Grøne vil få slutt på dette.

I vårt program kan du lesa om kva berekraft er i ulike deler av samfunnet, frå natur og miljø, til helsetenester og skule. Kommunen i dag har ei stor oppgåve med å legga til rette for at innbyggjarane skal kunne leva gode liv, frå ung til gammal. Miljøpartiet dei Grøne ser løysingar på korleis me kan lukkast med desse utfordringane. Me ser det beste i folk og derifrå kjem moglegheitane.

I programmet kan du lesa om det me kjem til å jobba for få gjennom i kommunestyret i perioden 2023-2027.



# Innhold

Berekraft	1
Innhold	2
Kjernesaker	3
Skule og helsetenester.	4
Natur og miljø.	6
Økonomisk styring.	7
Kultur og byliv	7
Me vil óg:	8
Til slutt	8



Frå venstre: William Bond Larsen, John Tonnessen, Madel Regine Carlsen, Johny Dyrøy.

# Kjernesaker

Miljøpartiet Dei Grøne Stord ønskjer å skape eit lokalsamfunn som er inkluderande og grønt, der folk har tid til kvarandre og kan leva gode og miljøvenlege liv.

Me ønskjer oss eit lokalsamfunn der ingen fell utanfor, og der det grøne næringslivet får blomstra med lokale berekraftige arbeidsplassar. Me vil bygga ein klimasmart kommune der det er godt å bu, med høg livskvalitet og livsglede, gode møteplassar og tryggleik uansett alder.

Me ønskjer ein kommune som kan sikra gode tenester gjennom alle livsfasar på ein berekraftig måte. Me vil arbeide for god psykisk og fysisk helse for alle. Me treng sosiale relasjonar, god ernærings, aktivitet og naturopplevingar.

Me ønskjer oss eit samfunn som tek vare på landbruksareal og som seier ja til å verna meir av dei vakre naturområda på Stord. Det betyr at me vil jobba for å skape eit lokalsamfunn som tek vare på dyra og naturen rundt oss for framtida.

## Difor er våre kjernesaker:

- Verna om **Landåsen** som fortsatt tur- rekreasjon- og grøntområde, og at Hordfast E39 vert redusert i omfang eller skrinlagt.
- gjennomföra tiltak for å betra arbeidsvilkåra i offentleg sektor, særskilt for **lærarar** og **helsearbeidrarar**.
- Innföra reglar for **bygg og anlegg** i kommunen for å sikra berekraft, samt skapa fleire grøne område i kommunen der folk kan møtast.
- Fortsetja og utvida det gode arbeidet som er gjort for å gjera Stord til ein **nullutsleppskommune** innan 2030.
- Røysta i mot all nedbygging av **matjord** - inkludert stansa bygging på Hystadgardane.
- Auka midler til **førebyggande** arbeid i kommunen. og tenke heilskapleg.
- leggja til rette for at **industrien** i Sunnhordland kan stå framst i å utvikla dei klimavenlege løysingane og arbeidsplassane me treng framover
- gjere det lettare for **familiar** å gjere berekraftige val i kvardagen
- bygga ny **sjukeheim** så kommunen får fleire sjukeheimsplassar
- oppretthalda vedtaka om å oppgradere **Langeland** og **Leirvik** skule
- rekruttere fleire **fastlegar** ved å tilby familievennlege arbeidsvilkår og kortare pasientlister

# Skule og helsetenester

Miljøpartiet dei Grøne ønsker at kommunen skal bli ein pådrivar for berekraft i skule og helsetenestene.

I dag slit mange som jobbar i desse kritiske samfunnstenestene med krevjande arbeidsvilkår som gjer at dei veljer vekk desse yrka. Dette er ikkje berekraftig og difor må kommunen sette i gong eit arbeid med å betra arbeidsvilkåra til lærarar og helsearbeidarar.

Me vil gje folk fridom og sjølvråderett der dei jobbar. Difor vil me utgreie og innføre ein tillitsreform i kommunens einingar. Me har tru på at dei dyktige fagfolka sjølv kan finna og skapa desse løysingane om politikarar og kommunen gjer dei handlingsrom og ressursar til det.

## I helsetenestene vil me:

- Auka grunnbemannninga
- Sikra at det er nok sjukeheimspllassar til dei som treng pleie
- Opprette ei kompetansegruppe på kvinnehelse i kommunen
- Innføre tiltak og arbeidsvilkår som gjer at fastleggar vil jobba på Stord
- Samarbeida med HVL for å gje studentane meir praksis i studiane
- Byrja innføring av 6-timars dag ved utvalde einingar

## I skulane vil me:

- Auka tilskota til skulane med 1500 kr per elev
- Gje lærarane fleire verkemidler og meir fridom til å styre skuledagen
- Gjere skulane mobilfrie
- at kommunen legg til rette for relasjonell leiing på skulane
- at skulane får oppretta eit forvaltningslag vald av kollegiet som har som mål å driva skuleutvikling og løyse utfordringar. Forvaltningslaget må få moglegheit til å vere med på å ta dei avgjerder som påvirkar skulen.
- samarbeida med Høgskulen på Vestlandet for å få til ein avtale om at studentar får jobba i skulane som del av studiepraksis, og at dei får tilbod om fast tilsetting når dei er ferdig.
- auke grunnbemannninga, noko forrige punkt vil kunne bidra til.
- tilby at skulane får organisera timeplanen så dei tyngste teorifaga er først på dagen, og eit undervisningstema går over fleire veker så ein kan gå i dybden. Desse faga må òg verte strukturert på ein måte som er tilpassa barnas alder, med song, teikning og andre varierte aktivitetar
- kopla saman skulen med kulturskulen slik at alle elevane kunne få delta på kulturaktivitetar i skuletida
- oppmoda til at praktiske og kreative aktivitetar som teikning, maling og musikk får ein større plass i undervisninga.
- oppretta eit fond som skulene kan søka tilskot frå til å driva skulehage



# Natur og miljø

For å oppnå berekraft overfor naturen og miljøet må me gjere store endringer i korleis me tenker og kva me gjer. Me må vekk frå bruk og kast tanken, og heller sjå på korleis me kan tenka langsiktig, ta vare på alle ressursar og nytta dei igjen. Me vil minka dei aktivitetane me driv me som medfører klimaendrande forureining, eller gjere dei slik at dei forureiner mindre.

**Natur:** Miljøpartiet dei Grøne vil at utviklinga i Stord skjer i harmoni med anna liv, ikkje på tvers av det. Dette skal følgast opp i alle kommunale planar og regler.

**Miljø:** Kommunen må utvikla ein sirkulær økonomi der alle verdiar blir nytta og ivaretakne. Kommunen må ta omsyn til livstidskostnader for miljø ved bygg og innkjøp, og kommunen skal jobba for å energieffektivisere bygga sine.

**Klima:** Kommunen har satt som mål å ha null klimagassutslepp i 2030. På litt over seks år skal me kutta alle kommunens utslepp. Dette vil krevja større og kraftigare tiltak enn me har sett hittil.

## Difor vil me:

- starta eit samarbeida med bygg- og anleggsbransjen for å utvikla regelverk som gjer bygginga mest mogleg klima- og miljøvennleg
- innföra sterkare krav om at klima og miljø vert ivaretake i kommunale planer
- nytta kommunens innkjøpsordningar til å auke andelen fairtrade og klima- og miljøvennlege innkjøp.
- prioritere klima-, natur- og miljøvernghensyn i utbyggingspolitikken
- at alle nye kommunale bygg må vera klimasmarte og bør nytta solenergi
- tilsetta ein klima- og miljørådgjevar i kommunen.
- støtte bøndene i å驱ra berekraftig og miljøvennleg
- setja ned eit utval for å lage ein plan for klimatilpassing på Stord.
- redusera bruk av plast og sikra god kjeldesortering i kommunale einingar
- at fleire nybygg skal byggast i heiltre eller andre miljøvennlege material
- legga til rette for grøn industriutvikling
- legga til rette for meir gjenbruk og reparasjon
- styrka lokale næringar og fremje lokal vareproduksjon
- at kommunen skal utarbeide årlege klimatiltaksplanar og eit klimabudsjett for kommunen.
- fremja tiltak som reduserer matsvinnet i kommunale verksemder, i private bustader og i næringslivet.
- bruke kommunen sine innkjøpsordningar til å auke andelen fairtrade og klima- og miljøvennlege innkjøp.
- auka kostnaden for forureinande tilløp i hamna
- kreva at Stord flyplass blir ein føregangsflyplass for å nytta elektriske fly

## Økonomisk styring

For å oppnå god økonomi må kommunen redusera gjeld, og driva på ein effektiv og berekraftig måte. Det er berekratfig når dei som jobber i kommunen kan klara oppgåvene sine utan å slita seg ut, når me tek vare på verdiane våre, og når folk kjenner eigarskap til arbeidet sitt. Me vil og sikra at eining for tekniske tenester har nok penger til vedlikehald og kan ta vare på dei verdiane me har.

### Difor vil me:

- innføra 6 timars arbeidsdag for dei einingane der det er høveleg, dette vil redusere sjukefråver og spara penger på sikt.
- Eining for tekniske tenester skal få stabile budsjett og mål om å tenka langsiktig.
- redusera kommunens gjeld
- energieffektivisera kommunens bygg og vidareføre solpanel-prosjektet
- at kommunale innkjøp tek omsyn til miljø, pris, og tilsettes behov

## Kultur og byliv

Miljøpartiet dei Grøne meiner det er berekraftig når det er eit mangfald av tilbod og aktiviteter som folk kan delta i. Dette bidreg til auka livskvalitet og kommunen bør legga til rette og støtta frivillige organisasjonar og lag.

### Difor vil me:

- Arbeide for å bygge og halde på åpne møteplasser i alle krinsar, både naturlege og bygde leikeplassar og tilrettelagde sitjeplassar.
- Kommunen skal i sine planar sette av mange stadar der ein kan møtast, drive sosial aktivitet, trening og oppleve naturen. Gode på døme på dette no er skateparken og museumsparken.
- Styrka biblioteket
- Sikra at kommunens frivilligkoordinator held fram.
- sikra at utlånssentralen BUA held fram og arbeide for å få inn verktøy til utlån.
- erstatte gummigranulat på alle kunstgrasbaner i kommunen med miljøvenlege alternativ.
- forby materiale med miljøskadelege stoffer på leikeplassar og i leiker, og bidra til trygge og miljøvenlege alternativ
- Støtta kulturprosjekt der ungdom står for initiativ og gjennomføring
- Krevja ein grøn profil av kulturarrangement som vert støtta av kommunen
- Opna skular og offentlege bygg for foreiningar, kulturinstitusjonar, organisasjonar og lokale musikarar på ettermiddagen.

## Me vil óg:

- bygga opp under industrien i Sunnhordland så me kan stå framst i å utvikla dei klimavenlege løysingane me treng framover
- Jobba opp mot fylket og stat for å få landsdekkande kollektivtransport for ein fast sum, til dømes 499kr per måned, og få betre kollektivtilbod lokalt.
- gå imot utbygging av vindturbinar på land.
- avskaffa stykkprisfinansiering i kommunal drift



## Til slutt

Det er ein gammal tanke å gje garden vidare i betre stand enn når ein sjølv tok han over. Det er tanken me i Miljøpartiet dei Grøne legg til grunn. Me ser heile naturen, folk og alt som lev som ein del av det me må gje vidare i betre stand. Godt val.

